



Lerøy Havbruk AS

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1889 - 15/3378

Saksbehandlar:

Christian H. Reinshol

Christian.Reinshol@lindas.kommune.no

Dato:

16.02.2015

Vedtak - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel for utviding av akvakulturanlegg i Storskrebukti

Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø, §6.2, for å utvide eksisterande akvakulturanlegg som vist i søknad datert 26.05.2014.

Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Ved etablering av anlegget skal nøyaktige posisjonar på anlegget og fortøyingar av dette meldast inn til Kystverket og kommunen for registrering i kart.
- Ankerfeste/fortøyingar må plasserast slik at ein ikkje kjem i konflikt med låssettingsplass ved Askelandsøy på andre sida av fjorden.
- Ved opphør av anlegget skal eventuelle fortøyingar ryddast opp og fjernast frå området.
- Dispensasjon gjeld for ein biomasse på inntil 1560 tonn. Dersom biomassen vert utvida, må grunnlaget for dispensasjon vurderast på nytt av Lindås kommune.

Når det gjeld søknad om utviding av totalt areal for akvakultur, jamfør vedlegg 3 i søknaden, vert dette avslått. Søknad om å ta ut akvakulturområde ved Øvreås vert også avslått. Dette må fremjast gjennom ein vanleg kommuneplanprosess og planlagt oppstart av rullering av kommuneplanen er i 2016.

Saka gjeld:

Sjøtroll Havbruk AS har søkt om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø for å utvide dagens akvakulturanlegg i Storskrebukti med 7 bur med total kapasitet på 1560 tonn, som vist på vedlegg 2 i søknaden. Sjøtroll har per i dag to lokalitetar for produksjon av stamfisk i Hindenesfjorden, på Øvreås og Storskrebukti. Kvar av lokalitetane har eit løyve på 780 tonn, til saman 1560 tonn.

Sjøtroll Havbruk AS ynskjer å satse på oppdrett av stamfisk av regnbogeaure og har på bakgrunn av dette fått samla all produksjonen av stamfisk på ein 1560-tonns lokalitet i Maurangsfjorden. Grunna behov for brakklegging av lokalitetar ynskjer Sjøtroll Havbruk AS å samle sin produksjon i Hindenesfjorden på

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



lokaliteten Storskrebukti og legge ned aktiviteten på lokalitet Øvreås. Slik vil ein då veksle mellom å setje ut fisk og brakklegge område jamleg mellom lokaliteten i Maurangsfjorden og lokaliteten i Hindenesfjorden. Lokalitetane vert då liggande tom for fisk i tre månader annakvart år.

Ut over søknaden om etablering av anlegg, søker Sjøtroll Havbruk også om at det vert sett av eit framtidig AK-område til akvakulturverksemd, som vist i vedlegg 3. Det vert også søkt om at AK-området ved lokalitet Øvreås vert teke ut av kommuneplanen, slik at det ikkje kjem inn andre aktørar på denne lokaliteten. Det vert vist til at ein ynskjer eit størst mogleg AK-område, for å kunne plassere og fortøye eit anlegg på best mogleg vis i høve Nytek-standarden, straum og botnforholda.

Høyring / nabovarsling:

Lindås kommune har hatt søknad på høyring til naboar og berørte mynde, jamfør plan- og bygningslova § 21-3. Under er merknadane oppsummert.

1. *Kystverket* vurderer at tiltaket ikkje vil ha negativ verknad for vanleg og pårekeleg ferdsle i fjorden og har på bakgrunn av dette ikkje merknad til søknaden.
2. *Noregs vassdrags- og energidirektorat* har vurdert søknaden i høve skredfare og har ikkje funne at det er spesielle omsyn som må takast i høve skredsikring med den omsøkte plasseringa av anlegget.
3. *Fiskarlaget Vest* har generelle merknader knytt til samordna vurdering av tolegrense for oppdrett innanfor geografiske område og at ein må velje lokasjonar som ikkje er i strid med anna fiskeriverksemd. Det vert vidare vist til at kommuneplankarta må vise kor store område som faktisk vert beslaglagt for akvakulturnæringa (fortøyingar og liknande.) og ikkje kun sjølv anlegget. Det er viktig at ankersystema vert avgrensa så langt som råd og at fortøyingar og ankersystem vert rydda opp når anlegg ikkje lenger er i bruk. Vidare peiker Fiskarlaget Vest på at det er registrert gyteområde for torsk i området. Det må setjast krav om at fortøyingar ikkje kjem i konflikt med låssettingsplass på motsatt side av fjorden.
4. *Fiskeridirektoratet Region Vest* peiker på at det ved innsig av makrell tidvis kan føregå fiske etter denne arten i Hindenesfjorden. Det er også registrert låssettingsplass ved Askelandsøy på andre sida av fjorden. Fiskeridirektoratet ser ikkje noko konflikt knytt til dispensasjonssøknaden, men ber om at fortøyingar vert haldne utanfor område sett av til låssettingsplass og at merknadane til Fiskarlaget Vest vert vektlagt.
5. *Laila Bjørge og Inge Revheim* peiker på at dei saman med to andre grunneigarar har fått freda eit større skogområde mot Hindenesfjorden gjennom ordninga frivillig skogvern. Tanken bak dette var ynskje om å ta vare på naturkvalitetane området har når det gjaldt dyreliv og plantar. Det vert peika på at den samla belastninga i økosystema vert trekt i feil retning ved ei utviding av anlegget i Storskrebukti. Det er i følge Bjørge og Revheim også registrert både ørn og vandrefalk som truleg har hekkeplass i området ved Storskreda. Det vert rådd i frå at det vert gjeve løyve til utviding av anlegget.
6. *Hordaland fylkeskommune* peiker på at det ikkje er aktuelt å tillate anna oppdrettsverksemd på lokaliteten Øvreås med omsyn til avstandskrav mellom stamfisk og annan oppdrettsaktivitet.

Vurdering:

Bakgrunnen for søknaden er at ein ynskjer å samle stamfiskaktiviteten i Hindenesfjorden til ein lokalitet i Storskrebukti og legge ned aktiviteten ved lokaliteten Øvreås. Dispensasjonssøknaden gjeld kravet om at akvakulturanlegg skal etablerast innanfor område sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan. I

søknaden er det vist at 4 av 10 bur kjem til å koma utanfor området som er sett av i planen. Resten av anlegget vil ligge innanfor avsett område. I tillegg er det søkt om at ein tek ut frå kommuneplanen akvakulturområdet som er sett av ved Øvreås og utvidar i kommuneplanen området som er sett av i Storskrebukti. Det vert vist til at utvidinga vil gje lågare tettleik med fisk per bur, ein kan halde ulike grupper og familiar adskilt og ha ledige bur til å plassere fisk i ved sortering og ulike behandlingar.

Utvidinga er førelagt aktuelle mynde som Kystverket og Fiskeridirektoratet, som ikkje har andre merknader enn at ein må unngå å etablere fortøyingar på låssettingsplassen på andre sida av fjorden. Fiskarlaget Vest har uttalt at ein må avgrense fortøyingar og ikkje kome i konflikt med låssettingsplass på motsett side av fjorden. I tillegg vert det peika på at det er viktig at lokalitetar vert tilstrekkeleg rydda ved avvikling. Naboar Bjørge og Revheim har peika på at ein må sjå på den samla belastninga i området og har informert om moglege hekkeplassar for ørn og vandrefalk i området.

Dispensasjonsvurdering:

Etter § 19-2 i plan- og bygningslova (pbl), kan kommunen gje varig eller mellombels dispensasjon frå føresegnar fastsett i eller i medhald av pbl. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegnene det vert dispensert frå eller omsyna i føremålsføresegnene i lova vert vesentleg sett til side. Fordelane ved å gje dispensasjon må etter ei samla vurdering vera klart større enn ulempene. Det skal leggst særleg vekt på verknader for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. Kommunen bør ikkje dispensere når ei direlte berørt statleg eller regional styresmakt har uttalt seg negativt til dispensasjonssøknaden. I denne saka ligg det ikkje føre negative uttalar frå andre mynde, men det ligg føre merknad frå naboar som ikkje ynskjer utvidinga.

Det er i dette tilfellet faktorar som veg positivt og negativt for å gje dispensasjon:

Fordelane med å gje dispensasjon er:

- Betre tilhøve for drifta ved anlegget og betre fiskehelse gjennom lågare tettleik av fisk i merdane.
- Anlegget på Øvreås vert lagt ned og truleg vert det ikkje etablert nytt anlegg her (jf. merknad frå Hordaland fylkeskommune). Fordel for naboar då anlegget ligg nært busetnad og fører med seg både lyd og støy. Færre fortøyingar i vannmassane som følgje av fjerning av anlegget.
- Ein får samla drifta knytt til stamfisk til eitt anlegg som kan driftast i tilknytning med anlegg i Maurangsfjorden.

Ulempene med å gje dispensasjon er:

- Naboar ynskjer ikkje utviding av anlegget.
- Utviding av anlegget vil føre til meir utslepp av avfall frå anlegget lenger inne i fjordsystemet.

Administrasjonen ser nokre ulemper ved å dispensere frå kommuneplanen for å etablere eit større anlegg i Storskrebukti. Det er ikkje vist teikningar som viser plassering av fortøyingar som viser at ein ikkje kjem i konflikt med låssettingsplassen på andre sida av fjorden. Dette kan likevel løysast i form av eit krav om at fortøyingar ikkje skal kome i konflikt med låssettingsplassen og krav om at endeleg plassering av fortøyingar skal rapporterast til kommunen og Kystverket. Når det gjeld utslepp så vil ikkje utvidinga føre til auka totale utslepp til fjordsystemet, men ein vil flytte ei større mengd utslepp innover i fjorden og auke det totale utsleppet her. Vassførekomsten er registrert som god i vann-nett og administrasjonen kan ikkje sjå at det er spesielle forhold som ligg til grunn her som tilseier at den totale belastninga skal sette vassførekomsten i risiko for ikkje å nå miljømåla. Fylkesmannen som utsleppsmynde vil uansett gjere ei vurdering av tilhøve

knytt til ureining for lokaliteten og det kan gjevast dispensasjon med forbehold om at det vert gjeve utsleppsløyve frå Fylkesmannen.

Når det gjeld tilhøvet til naturmangfaldslova og den samla belastninga på området vil det som er knytt til utslepp verte vurdert av Fylkesmannen som mynde når det vert søkt om endra utslepp frå anlegget. I høve Storskrebukta som mogleg hekkeplass for både ørn og vandrefalk så har ikkje kommunen nokre registreringar på desse raudlista artane i våre system. Det er registrert førekomst av ravn i nærleiken av anlegget i tillegg til området med rik edellauvskog som strekk seg heilt fram til Storskrebukti. Administrasjonen vurderer at sjølv om det skulle vere hekkeplass for både ørn og vandrefalk i området, så er det allereie i dag drift ved akvakulturanlegget som tilsynelatande ikkje verkar forstyrrende på eventuell bestand av desse artane. Administrasjonen kan ikkje sjå at ei utviding av anlegget vil føre til nemneverdige større konsekvensar for desse artane. Ut i frå ei samla vurdering kan administrasjonen på bakgrunn av dette ikkje sjå at søknaden kjem i konflikt med omsyna knytt til naturmangfaldlova §§ 8-12.

Fordelane ved å flytte anlegget vil utover dei fordelane som er knytt til drift, brakklegging og fiskehelse, vere at akvakulturanlegget ved lokaliteten Øvreås vert lagt ned. Denne lokaliteten ligg tett på busetnad og det var fleire merknader frå busetnad i området knytt til førre endring av anlegget der. Ei utviding av anlegget i Storskrebukti vil føre med seg at anlegget ved Øvreås vert fjerna. Dette vil vere ei svært positiv endring for mange av bebuarane i området og anlegget i Storskrebukti er også ein meir gunstig lokalitet i høve støy- og lysureining frå anlegget då det er mindre busetnad i nærleiken av anlegget.

Tilhøvet til endring av kommuneplanen:

Det vert også søkt om at akvakulturområdet ved Øvreås skal takast ut av kommuneplanen og at akvakulturområdet ved Storskrebukti vert utvida sloik som vist i vedlegg 3 i søknaden. I høve dette vil administrasjonen berre vise til at dette er tilhøve som må takast i samband med ei rullering av heile eller delar av kommuneplanen og som ikkje kan gjerast gjennom dispensasjonar. Det er likevel henta inn uttale frå Hordaland fylkeskommune om at det ikkje vil bli gitt løyve til andre aktørar for å ta i bruk lokaliteten Øvreås, grunna avstandskrav. På bakgrunn av dette vil administrasjonen avslå desse punkta i søknaden.

Konklusjon:

Oppsummert vurderer administrasjonen at dei positive sidene ved å dispensere frå arealdelen til kommuneplanen for å utvide akvakulturanlegget er større enn dei negative, føresett at tiltakshavar følgjer vilkåra som vert sett i dispensasjonsvedtaket og at det ikkje vert ei utviding av biomassen utover dei løyva som er gitt per i dag. Det vert ikkje opna for å endre arealføremål i kommuneplanen, dette må takast i samband med rullering av kommuneplanen.

Gebyr:

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gjeldande gebyrregulativ. Faktura vert tilsendt søkar.

C.4.1	Dispensasjon frå ei enkelt føresegn gitt i eller i medhald av pbl	7900,-
-------	---	--------

Med helsing

Christian H. Reinshol
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arne Hindenes	Hindenesvegen 801	5993	OSTEREIDET
Kjell Morgan Bjørge	Bjørge 257	5993	OSTEREIDET
Laila Bjørge	Bjørge 210	5993	OSTEREIDET
Ove Bjarne Hindenes	Hindenesvegen 801	5993	OSTEREIDET
Sander Hindenes	Hindenesvegen 795	5993	OSTEREIDET
Tor Magne Hindenes	Hindenesvegen 793	5993	OSTEREIDET
HORDALAND FYLKESKOMMUNE	Postboks 7900	5020	BERGEN

Mottakarar:
Lerøy Havbruk AS